



Arkivnr: 2016/957-10

Saksbehandlar: Hanne Espe og Britt Karen Spjeld

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--|--------|------------|
| Utval for kultur, idrett og regional utvikling | | 08.06.2016 |

Tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse/ sykkelvanar for barn og ungdom

Samandrag

Fylkestinget vedtok i desember 2015 å setje av kr 500 000 til prosjekt sykkel VM og folkehelse/ sykkelvanar. Arbeidet med å auke bruken av sykkel til framkomstmiddel, trening og rekreasjon er forankra i Regional plan for folkehelse 2014-2025, Klimaplan for Hordaland 2014-2030 og Regional kulturplan 2015-2025.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok 16. februar 2016 i sak 27/2016 retningsliner for tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse/ sykkelvanar for barn og ungdom.

Føremålet med tilskotsordninga er å bidra til å få fleire born og unge i Hordaland til å sykle som transport, rekreasjon og trening. Bruken av desse midlane vert sett i samanheng med andre fylkeskommunale verkemiddel og ressursar frå kommunar, private og frivillige organisasjonar. Målet er at tiltaka skal kunne leve vidare også etter sykkel VM i 2017.

Tilskot kan løyvast til regionale prosjekt med tiltak i minst tre kommunar med mål om varing endring i barn og ungdom sine sykkelvanar. Gode prosjekt kan få tilskot frå kr 100.000- til kr 500.000. Fylkeskommunalt tilskot kan ikkje vere høgare enn 50 % av dei totale ressursane for prosjektet. Søknadsfrist var 1. april. Det kom inn sju søknadar, med samla søknadssum på kr 1 195 350.

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordeler kr 500 000 i tilskotsordning *regionale prosjekt knytt til folkehelse/ sykkelvanar for barn og ungdom* budsjettpost 400.420.11 slik:

| Søkar | Kommune | Tiltak | Kostnad | Søknad | Tilskot |
|---|-------------------|---------------------------------------|---------|---------|---------|
| CK Sotra | Øygarden og Fjell | Sykkeldagar for barn og ungdom i 2016 | | 26 650 | Avslag |
| Fjell kommune, Sotra CK og NCF Sykkelkrets Vest | Fjell | Regionalt sykkelanlegg Midtmarka | | 83 700 | Avslag |
| Høylandsbygd Bygdalag | Kvinnherad | Tveito utmark | 945 000 | 200 000 | Avslag |
| Naturvernforbundet | Udefinert | Prøvekjøre elsykkel | | 100 000 | Avslag |
| Norges Cycleforbund | Hordaland | Skulemeisterskap sykling | | 85 000 | Avslag |

| Søkar | Kommune | Tiltak | Kostnad | Søknad | Tilskot |
|--|---|-------------------|---------|-----------|---------|
| Region Vest | | | | | |
| Norges Cycleforbund Region Vest | Hordaland | Sykle til skulen | | 200 000 | Avslag |
| Norges Cycleforbund Region Vest/ Bergen 2017 | Bergen, Askøy, Fjell, Øygarden + nye kommunar | Alle barn sykklar | | 500 000 | 500 000 |
| Total | | | | 1 195 350 | 500 000 |

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør, kultur, idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Retningsliner for tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse/ sykkelvanar for barn og ungdom (frå nettsida) <http://www.hordaland.no/nn-NO/idrett-og-friluftsliv/fysisk-aktivitet/tilskot-folkehelse-sykelvanar-for-barn-og-ungdom/>

Fylkesrådmannen, 11.05.2016

Fylkestinget vedtok i desember 2015 å setje av kr 500.000 til prosjekt sykkel VM og folkehelse/ sykkelvanar. Arbeidet med å auke bruken av sykkel til framkomstmiddel, trening og rekreasjon er forankra i Regional plan for folkehelse 2014-2025, Klimaplan for Hordaland 2014-2030 og Regional kulturplan 2015-2025.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok 16. februar 2016 i sak 27/2016 retningsliner for tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse/ sykkelvanar for barn og ungdom.

Ordninga skal bidra til å få fleire born og unge i Hordaland til å sykle som transport, rekreasjon og trening. Midlane skal gå til regionale prosjekt med tiltak i minst tre kommunar med mål om varing endring i barn og ungdom sine sykkelvanar. Tiltaka skal sjåast i samheng med andre tiltak som bidrar til å få fleire born og unge i Hordaland til å sykle som transport, rekreasjon og trening. Det kan ikkje søkast om tilskot til anlegg og ordinær drift av aktivitetar.

Tiltaka skal gje ny kompetanse og ha overføringsverdi til andre kommunar. Medverknad av målgruppa vert prioritert. Det vert også oppmoda til samarbeid mellom det offentlege og organisasjonar. Tiltak for å nå minst 60 minutt fysisk aktivitet kvar dag i grunn- og vidaregåande skule vert også prioritert. Gode prosjekt vert støtta med tilskot frå kr 100.000- til kr 500.000. Fylkeskommunalt tilskot kan ikkje vere høgare enn 50 % av dei totale ressursane for prosjektet.

Tilskotsordninga vart lyst ut etter møte i utval for kultur, idrett og regional utvikling 16. februar 2016. Det kom inn sju søknadar innan fristen 1. april. Fleire av søknadane fell utanfor ordninga då dei ikkje fyller krava som er sett i retningslinene. Årsaken til mangelfulle søknadar kan skuldast at det er første året med utlysning av denne tilskotsordninga og at fristen var i slutten av påske- og vinterferien.

| Søkjjar | Tiltak | Skildring | Vurdering | Kostnad | Søknad | Tildelt |
|---|--|--|---|---------|---------|---------|
| CK Sotra | CK Sotra sykkel dagar for barn og ungdom | CK Sotra vil i samarbeid med Øygarden kommune, Fjell kommune, VM 2017 og Marine Harvest arrangere 6 ulike sykkel dagar retta mot barn og ungdom. | Svært positivt tiltak. Søknadssum og kostnad gjer at søknaden fell utanfor ordninga. Tiltaket gjennomført i to kommunar. Dei kan søke tilskotsordninga lavterskel fysisk aktivitet for barn og unge for 2017. | 53 300 | 26 650 | 0 |
| Fjell kommune, Sotra CK og NCF Sykkelkrets Vest | Regionalt Sykkelanlegg Midtmarka, Fjell | Terrengsykkelanlegg for regional bruk. Det har vore utfordrande å få etablere eit slikt anlegg i Bergensområde. Med aktivitetsparken i Ågotnes og nærleik til fleire skular gjer at brukspotensialet er stort. | Søknaden gjeld anlegg for sykkel og det vert ikkje støtta i denne ordninga. Søkar vert oppmoda om å søkje spelemidlar. Søknadssum og kostnad gjer også at søknaden fell utanfor ordninga. | 83 700 | 83 700 | 0 |
| Høylandsbygd Bygdalag | Gang, ride og sykkelveg i Tveito | Søknad om opparbeiding av gang, | Tilskot til anlegg vert ikkje støtta i denne | 945 000 | 200 000 | 0 |

| Søkjær | Tiltak | Skildring | Vurdering | Kostnad | Søknad | Tildelt |
|---------------------------------|-------------------------|--|--|--------------|---------|---------|
| | utmark, Kvinnherad | ride og sykkelsti.. Lokalt tiltak. Opparbeiding av gamal kultursti for å kunne nytte denne til gang, ride og sykkelsti til garden Tveito. Dei driv med aktivitetar for brn med funksjonsnedsetjing, inn på tunet aktivitetar og ferieopphald for vanskeligstilte born. Dei får vera med å lære ulike aktivitetar på ein gard, leik og fritidsaktivitetar. | ordninga. Søkar vert oppmoda om å søke om spelemidlar Ikkje samarbeid med andre kommunar. Tiltaket har ingen overføringsverdi | | | |
| Naturvernforbundet Hordaland | Prøvekjøre elsykkel | Søkar ønskjer å undersøke korleis elevar i vidaregåande skule kan få betre kjennskap og erfaring med berekraftige alternativ til førerkort for personbil. Det er viktig å normalisere alternativ til bilbruk og gje unge læring, meistring og aktivitet for eit berekraftig samfunn. | Søkar har motteke kr 100.000 frå Hfk til elsykkelprosjekt. Utvidar no målgruppa til elevar i vidaregåande skular. Dei har dialog med kommunar. Vidare utvikling av samarbeid med kommunar og skular ligg som del av tiltaket. Saknar medverknad og behovsprøving av tiltaket. Vurderer lite gjennomslagskraft utan medverknad. | 1 000 550 | 100 000 | 0 |
| Norges Cycleforbund Region Vest | Skulemesterskap sykling | Skulemeisterskap i alle ungdomsskular i Hordaland. Dei første rundane er lokale arrangement der vinnarane går vidare til hovudfinalen for heile fylket. Hovudfinalen er tenkt arrangert i samheng med ein større Sykkelcrossfestival i oktober/november. | Hovudelementet i tiltaket er konkurranse mellom skular og elevar og er såleis ikkje lavterskel. Søknadssum og kostnad gjer at søknaden fell utanfor ordninga. | 175 000 | 85 000 | 0 |
| Norges Cycleforbund Region Vest | Sykle til skulen | Aksjon for å få ungdom til å sykle til og frå skule og aktivitetar. Aksjonen er ein slags kryssing mellom «Sykle til jobben» og | Eit kostbart og avansert tiltak for målgruppe frå 5. klasse, som vert vurdert som noko | 400 000 | 200 000 | 0 |

| Søkjær | Tiltak | Skildring | Vurdering | Kostnad | Søknad | Tildelt |
|--|-------------------|--|---|---------------------------|---------|---------|
| | | «Leseaksjonen». Målgruppa er alle barn og ungdom i Hordaland, frå femteklasse og ut vidaregåande Skule. | ung for denne type loggføring. Gjennomføring vil krevje smart-telefon el.l. og kompetanse om bruk av GPS og elektroniske hjelpemiddel. | | | |
| Norges Cycleforbund Region Vest/ Bergen 2017 | Alle barn sykklar | <p>Opplæringsprosjekt for kommunar i Hordaland. Programmet gjennomførast i 4 kommunar og 2 nye planleggast for 2016.</p> <p>Gjennom Kunnskapsløftet vert det stilt krav til skulen om teoretisk og praktisk opplæring om sykling. Barn må få grundig opplæring før dei kan begynne å sykle i trafikken. Sykkelopplæringa må vere samansett av både teori, ferdigheiter på sykkel og sykling i trafikk. Trygg Trafikk tilbyr ikkje lengre praktisk opplæring til skulebarn. Dette var bakgrunnen for at Bergen 2017 i samarbeid med utvalte sykleklubbar Sette i gang opplæringsprogrammet "Alle Barn Syklar" som eit pilotprosjekt hausten 2015 etter modell frå Telemark.</p> | Godt forankra prosjekt i samband med satsinga rundt sykkel VM 2017. Tiltaka er førebels eit samarbeid i fire kommunar, men med ønskje om utviding og overføring til heile fylket. Kommunar med sykkelklubbar vert prioritert for å kunne gje interesserte elevar eit meir varig treningstilbod. Kommunane som deltek bidreg med ein eigenandel. | 965 000 – 1 500 000 | 500 000 | 500 000 |